



INVITASJON

til deg som føresett til elev på 10. trinn

Foreldretreff om overgangen frå ungdomsskule til
vidaregåande skule



Det skjer mykje når det gjeld bruk av rusmiddel i overgangen til vidaregåande skule. Korleis kan vi som foreldre framleis vere påkopla, samstundes som ungdommen vår skal bli meir sjølvstendig?

Målet med dette foredraget er at du skal få:

- Reflektere over kva som kjenneteiknar foreldrerolla på vidaregåande skule
- Vite kva ungdatatala seier om rusmiddelbruk på vidaregåande skule
- Drøfte korleis foreldre kan bidra til ei trygg og god russetid
- Konkrete råd og tips om overgangen til vidaregåande skule

Vi vil setje av tid til å prate og drøfte ulike situasjoner og spørsmål saman med dei andre i foreldregruppa.

Simon er utdanna barnevernspedagog, og har arbeidd fleire år i både barnehage, skule og omsorgs- og rusinstitusjonar. Til dagleg arbeider han no i Ungdomsteamet i Sandnes. Ungdomsteamet arbeider førebyggjande i høve til rus, kriminalitet og psykisk uhelse og pratar med mange ungdommar som av ulike grunnar treng nokon å prate med. Simon har også mykje erfaring med foreldrerettleiing og er ein kunnskapsrik og engasjert formidlar.

VARDHEIA UNGDOMSSKULE, TORSDAG 20. MARS KL. 18.00-19.30

TREFFET BLIR ARRANGERT AV SKULEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR

Meld deg på treffet her: [Foreldretreff Vardheia ungdomsskule 10. trinn - Sterk & Klar - IOGT](#)

Velkommen!